



Vedtekter SFO



Sunnfjord
kommune



Vedtekter for skulefritidsordninga

Sunnfjord kommune



§ 1. Føremål

Skulefritidsordninga (SFO) er eit tilbod for barn i 1.–4. klasse, og for barn med særskilde behov i 5.–7. klasse.

Det skal leggast til rette for leik, kulturaktivitetar, fysisk aktivitet/friluftsliv og sosial læring med utgangspunkt i barnet sin alder, funksjonsnivå, og interesser. Barna skal ha reell innverknad på eigen kvardag innanfor rammene til SFO.

SFO skal byggje på den overordna planen for SFO, skulen sitt verdigrunnlag, kommunale målsettingar og skulen si pedagogiske plattform. SFO skal gje barna omsorg og tilsyn (opplæringslova § 13.7).

Opplæringslova sitt krav om eleven sin rett til eit godt fysisk, psykisk og sosialt miljø gjeld òg for SFO (opplæringslova § 9a).

Skulen sitt ordensreglement gjeld òg for elevar i skulefritidsordninga.

§ 2. Eigartilhøve

Sunnfjord kommune eig og driv dei kommunale skulefritidsordningane i samsvar med opplæringslova, gjeldande retningslinjer og føreskrifter, samt vedtak i kommunestyret.

§ 3. Styring, ansvar og medverknad

Kommunedirektør har det overordna administrative ansvaret for skulefritidsordninga. Rektor har det overordna administrative og pedagogiske ansvaret for SFO-tilbodet ved skulen.

SFO skal ha ein dagleg leiar. Ved 60 barn eller fleire, har dagleg leiar 100 % stilling. Ved færre enn 60 barn, vert dagleg leiarstilling redusert høvesvis til minimum 20 % (SFS 2201 punkt 3.1.2).

Dersom det er få barn med SFO-tilbod, ligg dagleg leiing til rektor.

Alle foreldre/føresette utgjer SFO sitt foreldreråd. SFO og skule samarbeider om eit foreldremøte kvart år. Rektor i samarbeid med dagleg leiar kallar inn til foreldremøte. Foreldrerådet kan kome med innspel til årsplan for SFO. Foreldre skal ha innsyn i årsplan. Samarbeidsutvalet (SU) ved skulen er rådsorgan for SFO.

§ 4. Søknad

Søknad skal utfyllast elektronisk. Link til skjema finn ein på skulen eller kommunen si heimeside under skule. Søknadsfrist for hovudopptak er 1. april. Tilbodet gjeld til det vert meldt endring eller sagt opp. Tilbodet vert automatisk avslutta ved utgangen av 4. klasse. For barn i 5.-7 klasse med særlege behov, må ein i tillegg til søknad leggje fram sakkunnig vurdering.

Det kan søkjast om opptak gjennom heile året med start den 1. kvar månad når ordninga har kome i gang.



§ 5. Opptak

5.1. Opptaksmynde

Rektor ved den einskilde skule er opptaksmynde. Dette kan delegerast til dagleg leiar.

5.2. Opptakskriterier

Alle barn på 1.– 4. årssteg og barn med særskilde behov på 5.– 7. årssteg som søker innan fristen, skal få tilbod om plass i skulefritidsordninga ved den skulen dei går på.

Det bør vere påmeldt minst 6 barn for at det vert gjeve tilbod om SFO. Dersom det er økter med mindre påmelding enn 3 barn, vert ikkje økta med i tilbodet ved skulen.

Dersom det er for lite barn til at tilbodet kan gjevast, vil søkjar få tilbod om SFO ved anna skule/barnehage.

Kommunedirektøren avgjer ut frå søknadane når tilbodet vert gjeve.

5.3. Opptaksperiode

SFO-tilbodet gjeld heilt til det vert endra eller sagt opp. Tilbodet vert automatisk avslutta når eleven sluttar i 4. klasse.

SFO varer frå den dagen skulen startar i august til den dagen skulen sluttar til sommarferien. Tildelt plass gjeld frå det tidspunktet som står i tildelingsbrevet.

5.4. Klage på opptak

Klageutvalet i Sunnfjord kommune er klageorgan ved klage på tildeling av SFO-plass. Klage skal sendast til Kommunedirektør.

§ 6. Tilbod

6.1 Opphaldstid

Dagleg opningstid er i utgangspunktet frå kl. 7.00–16.30.

Unntak frå opningstida er 5 planleggingsdagar for personalet i løpet av året.

Opningstider utover tidene gitt i avsnitt 1, kan kommunedirektøren tilpasse utover opningstidspunktet kl. 07:00 til kl. 16.30. Kommunedirektøren fastset ved slike høve opphaldstida den enkelte SFO kan tilby.

6.2 SFO-tilbod

SFO-tilboda og prisar vil vere dei som er vedtekne i kommunestyret til ei kvar tid. Oppdatert oversikt vil ligge på Sunnfjord kommune si heimeside.

6.3 Ferie-SFO

I elevferiar som haustferie, vinterferie, jul og påske vert SFO-tilboda samordna. Kvar SFO-eining informerer føresette om korleis ein avviklar feriane.

Dersom det er færre enn 6 barn som er påmeldt SFO i feriane, skal ein samordne drifta med andre einingar som ligg geografisk nærast. Barn med A-plass er allereie påmeldt. Ved nokre SFO-einingar samordnar ein drifta sjølv om det er fleire påmeldte.

SFO-leiar skaffar seg oversikt over kor mange born som har A-tilbod, og kor mange utan A-tilbod som vil kjøpe plass i ferien, i god tid. SFO-leiaren tek kontakt med dei SFO-einingane som ligg nærast geografisk og avtalar kor ein eventuelt skal samordne drifta dersom ein ikkje allereie har etablert ein praksis for samordning.

SFO er stengt julaften og nyttårsaften. Onsdag før skjærtorsdag stenger SFO kl. 12.00.



I delar av elevane sin sommarferie, er det eit eige sommarferietilbod. Tilbodet blir lagt til dei større skulane i kommunen. Dersom det ligg til rette for det lokalt, kan SFO samarbeide med barnehagar. Påmelding til sommarferietilbodet må gjerast kvart år. Fristen er 1. mai.

§ 7. Endring og oppseiing av plass

Foreldre/føresette kan seie opp eller endre tilbodet til barnet elektronisk i det skuleadministrative systemet. Både ved oppseiing og endring er fristen 1 måned før den 1. i kvar måned.

Ved byte til eit mindre tilbod gjeld oppseiingsfristen på 1 måned. Ved byte til større tilbod kan endring gjelde straks dersom det er ledig plass.

Det er ikkje høve til å seie opp eller redusere tilbodet for barnet etter 31. mars.

Kommunen kan seie opp plassen ved misleghald av betaling (sjå § 8).

§ 8. Foreldrebetaling

Kommunestyret vedtek satsane for foreldrebetaling.

Gjeldande satsar står som oppslag på skulen og på kommunen si heimeside.

Frå den dagen skulen startar i august til skulen sluttar i juni, betalar foreldra for 10 månader. Det er full betaling i september til mai, og halv betaling i juni og august.

Betaling for plass har forfall den 20. kvar måned.

Det er høve til å kjøpe heile og halve dagar, samt økter morgon og ettermiddag, dersom det er plass i eininga. Betaling skjer etter vedteken sats.

SFO-tilbod i skulen sin sommarferie må søkjast særskilt på.

Betaling for ferietilbodet vert fastsett av Kommunedirektøren og vert kravd inn på forskot.

Betalingsfritak frå SFO kan gjevast ved langvarig, dokumentert sjukdom og liknande. Søknad skal sendast rektor ved aktuell skule.

Familiar med låg inntekt kan søkje om redusert foreldrebetaling for SFO – plass for barn i 1. og 2. klasse. Søknad skal bli sendt frå søkeportalen på kommune si heimeside.

Dersom barn vert henta etter ordinær stengetid, må foreldre/føresette betale gebyr for kvar påbyrja halvtime. Gebyret vert fastsett av kommunestyret.

Misleghald av betaling med 2 månader restanse er lik oppseiing av plass. Ubetalte restansar for tidlegare kommunal plass i barnehage eller skulefritidsordning, for barnet eller søsken, må gjerast opp før ny plass i SFO kan nyttast.

I frå skulestart hausten 2022 vil alle elevar i 1. klasse få tilbod om gratis kjernetid (12 timar i veka) i SFO. Dersom ein ynskjer eit større tilbod vil ein få redusert prisen tilsvarende ein 12-timarsplass.



§ 9. Leike og opphaldsareal

Leike- og opphaldsareal i skulefritidsordninga er skulen sitt uteareal og disponible rom på skulen.

Inne bør arealet vere om lag 4 kvadratmeter pr. barn. Arealet ute og inne skal vere tilpassa den aktiviteten som føregår. Det fysiske miljøet i SFO skal vere i samsvar med gjeldande retningslinjer i forskrift om miljøretta helsevern i skular.

§ 10. Tilsetjing og personale

10.1. Personale i skulefritidsordninga er tilsette i Sunnfjord kommune, og bemanninga skal vere forsvarleg. Sjå og § 3. Det skal til vanleg vere 1 vaksen per 15 barn.

10.2. Alle som arbeider og oppheld seg i skulefritidsordninga skal leggje fram tilfredsstillande politiattest (opplæringslova § 10-9).

10.3. Alle tilsette i SFO har teieplikt etter forvaltningslova § 13.

10.4. Personalet på SFO har opplysningsplikt til sosialtenesta og barnevernstenesta etter opplæringslova §§ 15–3 og 15-4.

10.5. Tilsette i skulefritidsordninga har plikt til å samarbeide med barnehagen og skulen om overgangen frå barnehage til skule/SFO, jf. opplæringslova § 13-5.

§ 11. Verksemdsplan

Alle skulefritidsordningane skal ha ein årsplan. Årsplanen skal utarbeidast i tråd med den overordna planen for SFO i Sunnfjord kommune. Årsmelding for SFO skal vere med i skulen si årsmelding.

§ 12. Endring av vedtektene

Endring av vedtektene vert vedteke av kommunestyret etter høyring slik at brukarar og tilsette får uttale seg før saka vert politisk handsama.

§ 13. Iverksetting og kunngjering

Vedtektene trer i kraft frå det tidspunkt skuleeigar bestemmer.

Vedtektene skal til ei kvar tid vere tilgjengeleg på kommunen og skulen sine nettsider.

Vedtatt i utval for oppvekst 20.04.2022